



Ronya øvar heime på Brekktoppen

Ronya Lakselv (som fyller 15 år i april) har fått eit nytt, smigrande oppdrag. Songtalentet på Brekktoppen skal syngja i 2

konserter i Odda kyrkje før jul og etter prøvene er arrangør Gunn Gravdal Elton raus med rosen: - Ho er kjempeflink, ho vil vekka oppsikt med si utrulege røyst og formidlingsevne, skriv arrangøren på Facebook. Konsertane er 4. og 5. desember klokka 19 og det er grunn til å ta ein tur til Odda desse kveldane.



© Gunn Gravdal Elton

[Ronya øvar i kyrkja i Odda](#)

Nokon spør imidlertid kvifor Ronya ikkje er engasjert til å syngja i Uskedalens eigen julekonsert i kyrkja 14. desember.

Dit kjem forøvrig heller ikkje Røysterrett for alle dette året fordi koret skal til Bømlø.

Gunn Gravdal Elton fortel til uskedalen.no at ho 'oppdaga' Ronya då ho song på ein 50-årsdag i Odda. Der bur bestevenninna Frida Gravdal, som er dotter av Terje Gravdal og Tove Hidle. Dei har budd i Uskedalen tidligare.

Under konsertane i Odda skal oddingane Ove Danielsen og Rikard Backer-Owe på keyboard og gitaristen Håkon Widding frå Ullensvang akkompagnera Ronya. Førrebels har ho, som framleis går på ungdomsskulen, ikkje andre oppdrag.

Tidlegare i år fortalde foreldra oss at ho song før ho kunne snakka og dikta etterkvart som ho song allereie då ho var halvtanna år. Ho dikta helst bibelske budskap, men Ronja syng alt mogleg, også pop og country. Opp gjennom åra har ho sunge saman med mange, til dømes pappa Ronny. Første freistnaden hennar på å nå fram i Norske Talenter var ikkje vellukka, men Ronja stoppar nok ikkje der. Ho trakterar forresten både gitar, piano, trommer, bass, fele og munnspele!

- Vi er kjempeglade for å ha fått med Ronya. Ho kjem til å gjera

stort inntrykk på eit konsertvant publikum i Odda, seier Gunn Gravdal Elton som har arrangert 50 konsertar. Ronya skal syngja Bob Dylans nydelege Ring Them Bells under julekonserten Stemningar.

Oddakonsertane har sidan 2005 hatt meir enn 4000 besøkjande og samtlege har vore tilnærma utselde.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Ola Matti Mathisen og Gunn Gravdal Elton